# Gratis HPV-vaksine til kvinner fødd i 1991 eller seinare

21.09.2017

Av: Haldis Lauksund
Publisert: 24.08.2017 08:22 Oppdatert: 29.08.2017 14:56

## Gratis HPV-vaksine til kvinner fødd i 1991 eller seinare

**Unge kvinner er tilrådd vaksine mot humant papillomavirus (HPV). Vaksinen kan førebyggje livmorhalskreft og førestadium til livmorhalskreft.**

Kvinner fødd i 1991-1996 får tilbod om gratis HPV-vaksine. Tilbodet gjeld også for kvinner som er fødd i 1997 eller seinare, dersom dei av ulike grunnar ikkje har fått HPV vaksine i grunnskulen.

Vaksinasjonen består av tre vaksinedoser, og må startast innan utgangen av 2018. Det skal vere minimum 1 mnd. mellom 1. og 2. dose og minimum 5 mnd. mellom 2. og 3. dose.

## Følgjande tilbod gjeld for både 1., 2. og 3. dose ved Stord helsestasjon (Myro):

- Torsdag 7. september kl. 14.00-15.00
- Torsdag 14. september kl. 14.00-15.00
- Torsdag 21. september kl. 14.00-15.00
- Torsdag 5. oktober kl. 14.00-15.00

Det vert lagt ut nye datoar for vaksine utover hausten/vinteren.

Nærare informasjon får de ved å kontakte Førebyggjande helsetenester v/leiande helsesøster Sigrun Helland, tlf. 53 49 69 85/957 76 434.

For meir informasjon om HPV og HPV-vaksine:

Folkehelseinstituttets nettside: www.fhi.no/hpv-vaksine